

«Nordhordlandsbrua – Frå kongstanke til røyndom»

Denne boka vart utgjeven i 1994 i samband med opning av Nordhordlandsbrua. I innleiinga skriv Sverre Helland, for boknemda, mellom anna at

«Meininga med denne boka er å fortelja litt om levemåte og reisemåte for folket i Nordhordland i gamal tid og fram til i dag. Men det er først og fremst litt av historia om korleis eit distrikt sundrive av fjordar og øyar – ved eigen innsats og med samarbeid innan distriktet og fylkeskommunale og sentrale styresmakter - no er bunde saman med vegar og bruer».

Den opprinnelege boka inneheld svært mykje historikk om Nordhordland heilt frå 1870 talet og fram til 1994. Vi kan nemna f.eks. samferdsel, 166 stoppestader for dampbåtane, 49 meieri. Omtale om når bilen kom til Nordhordland, ferjene, bruar og vegar med årstal då dei vart bygde.

Johannes H. Fosse som og var med i den første boknemda har teke initiativet til å få gjeve ut denne boka på nytt med eit tillegg om kva ringverknader Nordhordlandsbrua har fått for regionen i ettertid . frå 1994 til 2018. Det gjeld m-a. utvikling i kommunikasjonar, vekst i folketalet, bustadbyggjing, næringsutvikling o.s.v.. Boknemda satsar på å gje ut boka som ei 25 års jubileumsbok .

Mange har etterspurt den opprinnelege boka som vart trykt i ca 1000 eksemplar. Men den har ikkje vore tilgjengeleg dei siste 20 åra.

I den overordna kulturplanen til Lindås kommune heiter det m.a. at:

*Bygdeidentiteten skal ivareta

*Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg

Boka har stor kulturhistorisk verdi for Nordhordland

Målgrupper – frå 10 til 100 år.

Boka bør vera tilgjengeleg i skuleverket og vera ein del av lokalkunnskapen til ungdomane våre.

Bruopninga var i september 1994. Jubileumsboka må difor vera ferdig seinast i august 2019.

Vonar på snarleg svar på søknaden, då arbeidet ikkje kan starta opp før finansiering er i orden.

Boknemda for jubileumsboka «Nordhordlandsbrua – 25års jubileum»

Johannes H. Fosse Einar Vatne Paul Scholz Rune Brundtland